
Saksnr: 2021/3941-1
Saksbehandlar: Anna Elisa Tryti

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for opplæring og kompetanse		.17.02.2021
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		17.02.2021
Fylkesutvalet		02.03.2021

Vestland i historia og skulen - forprosjekt

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet sluttar seg til oppstart og deltaking i forprosjektet Vestland i historia og skulen.
2. Fylkesutvalet løyver NOK 300 000 frå Fylkesutvalet sin rådveldekonto til forprosjektet, leia av Høgskulen på Vestlandet.
3. Fylkesutvalet føreset å få forprosjektet til handsaming, der mål, innhald, aktørar, organisering og budsjett for eit eventuelt hovudprosjekt vert gjort greie for.
4. Eventuelt vidare finansieringsbehov i eit mogleg hovudprosjekt vert handsama som del av det årlege arbeidet med økonomiplan og budsjett.

Samandrag

Saka gjeld oppstart og finansiering av eit forprosjekt *Vestland i historia og skulen*. Fylkesrådmannen ønskjer med dette å ta initiativ til oppfølging av eit tidlegare undervisningsprosjekt, *Vestlandets historie ut i skolen*, som vart gjennomført i etterkant av utgjevinga av trebandsverket Vestlandets historie. I det tidlegare prosjektet deltok Universitetet i Bergen, Høgskolen i Bergen, Sparebanken Vest som var hovedsponsor, og 12 skular/kommunar frå tidlegare Sogn og Fjordane og Hordaland.

Fylkesrådmannen ser potensiale i eit tilsvarande undervisningsprosjekt med to grunngjevingar: For det fyrste er Vestland fylkeskommune nett skipa. Det trengst kunnskapar om Vestland si samfunns- og kulturhistorie som grunnlag for den utforsking av identitetar for stadar og region som no har fått styrka aktualitet. For det andre starta innføringa av skulereforma *Kunnskapsløftet 2020* sist haust med oppstart for alle skuletrinn i både grunnskulen og vidaregåande skule dei neste to åra. Gjennom den såkalla *Fagfornyninga* skal det innførast nye læreplanar for dei fleste fag. *Vestland i historia og skulen* vil utvikle nytenkjande undervisningsopplegg innan historieundervisninga for alle skuletrinn og bidra til samanheng i heile skuleløpet, frå første klasse i grunnskulen til tredje klasse i vidaregåande skule.

Undervisningsprosjektet vil legge vekt på lokal forankring, elevaktivitet og digital kompetanse, ein tverrfagleg profil med samhandling mellom skule, lokalsamfunn og med arkiv, bibliotek- og museumsinstitusjonar. Prosjektet vil innrette seg i høve skulereforma *Kunnskapsløftet 2020*, med ei tett kopling til *Fagfornyninga* med nye læreplanar.

Prosjektet vil sjå på korleis det kan skapast samanheng i skuleløpet, frå barne- og ungdomstrinnet til vidaregåande skule og vere eit samarbeidsprosjekt mellom Høgskolen på Vestlandet, Universitetet i Bergen, Vestland fylkeskommune og dei kommunane og skulane som deltek.

Forprosjektet vil bli leia frå Høgskolen på Vestlandet og vil syne om det er grunnlag for eit hovudprosjekt med skular frå heile Vestland, både frå grunnskulen og vidaregåande skule.

I forprosjektet vil også eit utprøvningsprosjekt kring Kristenrettjubileet på Moster inngå, som del av Lærarutdanningskolen og med oppfølging frå Høgskulen på Vestlandet, campus Stord.

Frå Vestland fylkeskommune vil prosjektet verte knytta til Avdeling for opplæring og kompetanse og Avdeling for kultur, idrett og inkludering.

Eit eventuelt hovudprosjekt er tenkt med oppstart i august 2022.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen
fylkesdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Historie- og kulturforståing er avgjerande i eit samfunn med demokratiet under press, med utfordring av identitetar og med stort behov for inkludering. Skulereforma Kunnskapsløftet 2020 slår fast at arbeidet med historie og samfunnsfag i skulen skal gje elevane historisk og kulturell innsikt og forankring til å utvikle sin identitet i eit inkluderande og mangfaldig fellesskap. *Demokrati og medborgarskap* og *Berekraftig utvikling* er av dei tverrfaglege tema Kunnskapsløftet 2020 løftar for skulekvardagen.

Det har det siste året vore dialog mellom Vestland fylkeskommune, Høgskulen på Vestlandet og Universitetet i Bergen, ved lektorutdanninga, om eit mogleg forprosjekt for å finne ut om det er grunnlag for å utvikle eit undervisningsopplegg for samfunns- og historieopplæringa, som har med skular frå heile Vestland, både frå grunnskulen og vidaregåande skule.

Fylkesrådmannen ser argument for å gå vidare med denne tanken. Den nye fylkeskommunen har bruk for å få fram kunnskarar om det nye Vestland, som både kan gje forståing av fortida og sjå aktualisering til samtida vår. Demokratiet treng eit særleg engasjement, både historisk og med tanke på det nye regionale folkestyret og med dei globale utfordringar demokratiet opplever. Krittisk tilnærming til fakta er ein del av dette biletet.

Den omfattande skulereforma Kunnskapsløftet 2020 er under innføring i både grunnskulen og den vidaregåande skulen. I eit eventuelt nytt prosjekt vil handlingsrommet for historieundervisninga verte undersøkt, frå læreplanen i samfunnsfag i grunnskulen som har kompetanssmål knytta til ressursar, konfliktløysing, haldningar i tid (historie) og rom (geografi) til vidaregåande skule, som har historie, geografi og samfunnskunnskap som egne fag.

Berekraftmåla vil kunne vere portar for skulane inn til val av tema, som vil kunne strekke seg over heile tidsløpet frå dei første vestlendingane til omstillinga frå oljealderen til nullutslippssamfunnet. Undervisningsprosjektet vil ved gjennomføring ha skular både frå gruntrinnet og vidaregåande skular og slik vere med og gje modellar for samanhengande skuleløp.

Fleire store jubileum skal feirast i åra som kjem. Vestland fylkeskommune tek del i 1000-årsjubileet for Kristenretten på Moster i 2024. Same året er det også 750-årsjubileum for Magnus Lagabøte si landslov frå 1274. Det er meld interesse til Avdeling for kultur, idrett og inkludering frå skular og kommunar om samarbeid om undervisningsopplegg i skulane knytta til begge desse jubilea. Dette er teken høgde for ved at eit utprøvningsprosjekt med Kristenretten som tema ved Rubbestadneset skule vil inngå i forprosjektet. Landslova vil kunne vere tema for fleire skular i eit eventuelt hovudprosjekt.

Vedtakskompetanse

Saka inneheld forslag til finansiering av forprosjekt gjennom fylkesutvalet sin rådveldekonto, og må derfor endeleg vedtakast av fylkesutvalet.

Oppfølging av tidlegare arbeid

Trebandverket *Vestlandets historie* kom ut i 2006. Dei tre binda tok føre seg Natur og Næring, Samfunn og Kultur, omfatta geografisk området frå Agder til Sunnmøre og var skriven av 28 forfattarar, dei fleste frå universiteta og høgskulane på Vestlandet.

I etterkant av utgjevinga av trebandsverket *Vestlandets historie* (2006), gjennomførte 12 skular frå Sogn og Fjordane og Hordaland og 4 lærarutdannande institusjonar pilotprosjektet *Vestlandets historie ut i skolen*. Skulane som var med, var frå både barnetrinnet, ungdomstrinnet og vidaregåande skule: I Sunnhordland Sagvåg og Sunde skular (barnetrinnet), på Voss Skulestad skule (barnetrinnet), i Bergen Skranevatnet skole (ungdomstrinnet), Eidsvåg skole (ungdomstrinnet) og Olsvikåsen vidaregåande skule, i Nordhordland Knarvik vidaregåande skule, i Sogn Lærdalsøyri og Tangen skular (barnetrinnet) og Sogndal vidaregåande skule og i Sunnfjord Naustdal barne- og ungdomsskule og Hafstad vidaregåande skule Universitetet i Bergen (UiB) tok del, likeeins dei institusjonane som i dag inngår i Høgskolen på Vestlandet (HVL): Høgskolen i Bergen, Høgskulen i Sogn og Fjordane og Høgskolen Stord/Haugesund.

Pilotprosjektet vart til på initiativ frå historikarane Knut Helle og Anna Elisa Tryti, og hadde Bente Opheim frå Høgskolen i Bergen som fagleg prosjektansvarleg. Det vart skriven ein omfattande rapport frå prosjektet (Bente Brathetland (red.), *Vestlandets Historie ut i skolen*, Høgskolen i Bergen, Skriftserien, nr. 4/2009).

Grunnleggjande i prosjektet var å utvikle nytenkjande undervisningsopplegg innan historiefaget med utgangspunkt i den vestlandske kulturhistoria. Prosjektet ønskte både å sjå på vestlandsregionen sine særpreg gjennom å studere lokalsamfunna som skulen og elevane er ein del av og å gje ny refleksjon kring fagdidaktiske problemstillingar. Lokal forankring, elevaktivitet og digital kompetanse var viktige utgangspunkt, og det vart lagt vekt på ein tverrfagleg profil med samhandling mellom skule og lokalsamfunn, med arkiv, bibliotek og museum og øvrige kultur- og samfunnsinstitusjonar.

Forprosjekt - vurderingar og verknader

Gjennom dialog har det synt seg interesse for eit forprosjekt for å kartlegge rammer for eit mogleg nytt hovudprosjekt, i samarbeid mellom Høgskulen på Vestlandet, Universitetet i Bergen ved lektorutdanninga og Vestland fylkeskommune. I tillegg i eit hovudprosjekt kjem dei skulane og kommunane som vert deltakarar i prosjektet og moglegvis også aktørar frå arkiv, bibliotek, museum.

Det er oppretta dialog med Sparebanken Vest, som gjennom banken si allmennyttige verksemd, finansierte det førre prosjektet, om og korleis dei ønsker å vere involvert.

Høgskolen på Vestlandet har sagt seg viljuge til å leie eit eventuelt forprosjekt, knytt til Lærerutdanningsskolene. Lektorutdanninga ved Universitetet i Bergen ønskjer også å delta i eit forprosjekt. Det er semje om at ein i eit eventuelt nytt hovudprosjekt skal ha med skular frå grunnttrinnet til vidaregåande skule. Dette fungerte fint sist gong, og det er semje om at det vil vere ein styrke å sjå utdanningsløpet og lærar- og lektorutdanninga i samanheng.

Forprosjektet vil også innehalde eit pilotprosjekt som fokuserer særskilt på Moster 2024-jubileet, med Høgskulen på Vestlandet-campus Stord, Rubbestadneset skule og Kristenrettjubileet på Moster som aktørar. Dette prosjektet kan fungere som modell for - og utprøving av - samarbeidsformer mellom dei ulike aktørane.

Forprosjektutvalet er tenkt å ha sju deltakarar, to frå Høgskulen på Vestlandet, to frå Universitetet i Bergen og to frå Vestland fylkeskommune, samt rektor ved Rubbestadneset skule.

Forprosjektet vil starte opp i mars 2021, vare opp mot eit år, med mål om oppstart av eventuelt hovudprosjekt hausten 2022.

Forprosjektet vil ha ei økonomisk ramme på NOK 300 000, som skal gå til frikjøp i samband med deltaking i forprosjektet, samt eventuelle mindre samlingar/fysiske møte. Deltakarane frå Vestland fylkeskommune tek del med eigne midlar.

Hovudprosjektet vil må kunne påreknast til kring NOK 3 millionar (sist var beløpet NOK 2 millionar). Ulike finansieringskjelder finst og vil verte utgreidd.

Formålet med forprosjektet vil vere å

- Avklare forslag til mål for hovudprosjektet, både effektmål og resultatmål. Slike mål vil eksempelvis kunne vere å
 - 1) Utvikle samfunns- og kulturhistoriske undervisningsopplegg og læremiddel i samarbeid mellom lærarutdannande institusjonar og eit utval skular i Vestland fylkeskommune.
 - 2) Utforske djupnelæring og tverrfagleg læring i samfunnsfag og historie med utgangspunkt i den nye læreplanreforma (fagfornyninga).
 - 3) Utvikle undervisningsopplegg knytt til tverrfaglege tema *Demokrati og medborgarskap* og *Berekraftig utvikling*.
 - 4) Utvikle modellar for å styrke eit samanhengande skuleløp.
 - 5) Bygge kompetanse frå skuleutvikling til forskningssamarbeid, mellom praksis og forskning.
 - 6) Utvikle fagleg samarbeid mellom studentar og elevar i konkrete undervisningsopplegg.

- 7) Utforske identitetar i utviklinga av Vestland, frå innovasjon til attraktiv stadutvikling og inkludering.
 - 8) Utvikle samarbeid mellom skule, lokalsamfunn, arkiv-, bibliotek- og museumsinstitusjonar og øvrig kultur- og samfunnsliv.
- Avklare organisering for hovudprosjektet, kven skal vere prosjekteigar og kven skal ha prosjektleiinga.
 - Utvikle budsjett og utgreie moglege finansieringskjelder for hovudprosjektet.
 - Invitere skular, frå dei ulike regionane i Vestland og frå ulike skuletrinn. Forankring hjå rektorar og kommuneleiing lyt etablerast.
 - Avklare deltaking i prosjektet frå arkiv- bibliotek- og museumsinstitusjonar og øvrig kultur- og samfunnsliv.
 - Gje oversikt over prosjektaktivitetar.
 - Setje opp tidslinje og framdriftsplan med milepålar.
 - Utvikle opplegg for eit delprosjekt, som kan tene som modell (Rubbestadneset skule, Kristenrettjubileet 2024).
 - Etablere intensjonsavtalar med samarbeidspartnarar i hovudprosjektet.
 - Utvikle program for seminar/oppstartkonferanse for rektorar, lærarar og administrative representantar for kommunar og skular som vil delta, samt arkiv-, bibliotek og museum og andre aktørar frå kultur- og samfunnsliv.
 - Det skal utviklast ein forprosjektrapport, som vert send til deltakande institusjonar i forprosjektgruppa, med rapportering til Vestland fylkeskommune.
 - Forprosjektrapporten skal tene som grunnlag for handsaming i Vestland fylkeskommune og beslutningsorgan hos øvrige partnarar i prosjektet.

Konklusjon

Presset på demokratiet som styrings- og samhandlingsform og oppbygginga av forståing av demokratiet sine rammer, også i den nye Vestland fylkeskommune, er i seg sjølv ei god grunngeving for prosjektet *Vestland i historia og skulen*. Likeeins den omlegginga skulen er inne i både i grunnskulen og den vidaregåande skulen gjennom skulereforma Kunnskapsløftet 2020.

Vestland i historia og skulen vil vere godt forankra i planverket i Vestland fylkeskommune, både i regional planstrategi og i sektorplanar. Styrking av kunnskap, innovativ opplæring, lokal identitet, yringsfridom og folkestyre er berande verdiar og mål i Vestland fylkeskommune sitt utviklingsarbeid. Eit samarbeid mellom dei leiande pedagogiske forsknings- og utviklingsinstitusjonane for skulen vil ut over eigenverdien for sektoren, også kunne gje viktige bidrag til utviklinga av dei nye regionale planane for kompetanse og kultur og idrett og friluftsliv.

Vestland fylkeskommune har interesse i prosjektet både for å fremje allmenn historie- og kulturforståing, deltakinga i Kristenrettjubileet i 2024 og utvikling av gode undervisningsopplegg i det samanhengande skuleløpet og spesielt i dei vidaregåande skulane.

Fylkesrådmannen vil tilrå finansiering og deltaking i forprosjektet med NOK 300 000.